



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
21/2022	Bygdeutviklingsutvalet	PS	20.09.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FE-223, FA-V12	22/1017

### HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL UTANDØRS BORDTENNISBORD VED ALLAKTIVITETSHUSET PÅ STAMNES - STAMNES UNGDOMSKLUBB

#### Vedlegg:

Søknad om bygdeutviklingsmidlar - Stamnes ungdomsklubb

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Stamnes Ungdomsklubb, v/ Monica Dyvik, får tildelt kr. 18 000,- i bygdeutviklingsmidlar til innkjøp av utandørs bordtennisbord til bruk ved Allaktivitetshuset på Stamnes.

Tilskotet utgjør 100 % av budsjettert kostnad.

Tilskotet vert betalt ut etter sluttrapport, med kostnadsdokumentasjon. Lågare kostnad gjev lågare tilskot. Ved momsrefusjon vert tilskotet knytt til eks. mva.

Løyvinga gjeld i to år, fram 01.10.2024. Etter dette vert midlane trekte attende.

#### Bygdeutviklingsutvalet - Sak 21/2022

#### BYG - Behandling:

Samrøystes vedtak.

#### BYG - Tilråding/Vedtak:

Stamnes Ungdomsklubb, v/ Monica Dyvik, får tildelt kr. 18 000,- i bygdeutviklingsmidlar til innkjøp av utandørs bordtennisbord til bruk ved Allaktivitetshuset på Stamnes.

Tilskotet utgjør 100 % av budsjettert kostnad.

Tilskotet vert betalt ut etter sluttrapport, med kostnadsdokumentasjon. Lågare kostnad gjev lågare tilskot. Ved momsrefusjon vert tilskotet knytt til eks. mva.

Løyvinga gjeld i to år, fram 01.10.2024. Etter dette vert midlane trekte attende.

### **Saksopplysningar:**

#### **Samandrag/konklusjon (kort om saka)**

Stamnes Ungdomsklubb søker om kr. 18 000,- til innkjøp av utandørs bordtennisbord med tilhøyrande utstyr. Bordet skal stå ved Allaktivitetshuset på Stamnes, og utgjere ein heilårsaktivitet.

Kommunedirektøren vurderer at tiltaket er i tråd med bygdeutviklingsmidlane sitt føremål om å fremje aktivitetar og opplevingar lokalt.

Innstillinga er å løyve kr. 18 000,- til innkjøp og montering av bordtennisbordet.

#### **Bakgrunn for saka**

Bygdeutviklingsutvalet har kr. 275 000,- i tilgjengelege tilskotsmidlar til fordeling ved søknadsomgangen i september 2022.

Stamnes Ungdomsklubb, v/ Monica Dyvik, planlegg innkjøp av utandørs bordtennisbord med utstyr, for å leggje til for heilårs, utandørs aktivitet ved Allaktivitetshuset på Stamnes. I dette høvet er det søkt om midlar frå Bygdeutviklingsutvalet.

Bordtennisbordet vil vere tilgjengeleg for alle på Stamnes/i nærområde. Målet er at tiltaket vert eit populært og mykje nytta tilbod i bygda.

Budsjettet viser følgjande kostnader:

- Utandørs bordtenningsbord : kr. 15 999,-
- 6 stk bordtennis-racetar : kr. 1 134,-
- Utandørs bordtennis-baller : kr. 207,-
- Monteringsutlegg : kr. 1 000,-

Eigeninnsatsen er ikkje spesifisert, og inngår ikkje i søknadssummen.

Det vert søkt om å få finansiering for heile kostnaden. Sjå vedlagt søknad for nærare informasjon.

#### **Formelt grunnlag**

- Kommunelova - generelle sakshandsamingsreglar.
- «Retningslinjer for tildeling av midlar frå Bygdeutviklingsutvalet», vedtekne 26.05.20:

[Vaksdal kommune - Retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling](#)

#### **Vurdering og konsekvensar**

Søknaden sitt innhald er tilstrekkeleg i høve til bygdeutviklingsmidlane sine retningslinjer.

Planlagt tiltak legg vekt på å utvikle eit nytt aktivitetstilbod på Stamnes, til bruk for «alle», med vekt på born og ungdom som målgruppe. Tiltaket er soleis i tråd med bygdeutviklingsmidlane sitt føremål, om å leggje til rette for breie og lett tilgjengelege aktivitetar og opplevingar lokalt.

I mange tilfelle vil ein setje krav til eigenfinansiering ved søknad om bygdeutviklingsmidlar, men gjeldande søknad er fremja av ei ungdomsklubb, med stor eigeninnsats i botn for drifta av klubben. Det er difor naturleg å leggje opp til ei fullfinansiering av tiltaket det vert søkt om midlar til.

I følge retningslinene for tilskotsordninga, skal ein ta omsyn til geografisk fordeling ved tildeling. I dette høvet er det ingen andre grender som har fått like mange løyvingar som Stamnes, og ved denne omgangen er det søkt om tilskot til heile seks tiltak i området. Det er òg ved fleire, tidlegare høve gjeve tilskot knytt til Allaktivitetshuset i bygda.

Tidlegare løyvingar til Stamnes er vektlagt ved handsaming av søknaden om midlar til bordtennisbord, og vurdert opp mot andre, innkomne søknadar. Kommunedirektøren finn tiltaket som eit konkret og aktivitetsfremjande tilbod, spesielt for den yngre garde, og soleis viktig å prioritere. Tiltaket fell også saman med Bygdeutviklingsutvalet si presisering ved siste revisjon av retningslinene, om å vektleggje aktivitetar og opplevingar ved tildeling av midlar.

Kommunedirektøren gjer framlegg om å løyve kr. 18 000,- til innkjøp av bordtennisbord med utstyr i regi av Stamnes Ungdomsklubb. Framlegget er i tråd med søknaden, og løyvinga utgjer fullfinansiering. Føresetnaden er at midlane blir nytta som omtalt. Lågare kostnad vil gje lågare tilskot.